



Fedje kommune

Møtebok for Kommunestyret

Møtedato: 24.02.2022
Møtestad: Slissøyana/Skarvøyana Fedje fleirbrukshall
Møtetid: 17:15 - 17:45

Møtedeltakarar	Parti
Stian Herøy	H
Anna Marit Storemark	Ap
Gidske Borge Kolltveit	Ap
Hans Erik Waage	Ap
Marit Solbakk Øien	Frp
Otto-Andre Nordby	H
Silje Sulen Gullaksen	H

Møtedeltakarar vara	Parti
Arild Magne Karlsen	Ap
Elin Iren Øien Solbakk	Frp
Erling Herøy	H
Ingard Kåre Kahrs	H
Inge Waage	Uavh
Jan Erling Borge	Ap
Ove Gunnar Nilsen	H
Rune Midtun Borgerød	Ap

Forfall meldt frå følgjande medlemmar:	Parti
Bjørn Solbakk	Frp
Einar Villanger	Ap
Ernst Horgen	H
Frode Hjønnvåg	Frp
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap
Paul Gunnar Gullaksen	H
Paul Magnar Knapskog	H
Thea Koppen Blomvågnes	Ap

Følgjande møtte frå administrasjonen:

Bjarte Villanger, Dagrun Gunnarson, Olav Mongstad

Sakliste

Saknr	Tittel
004/22	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
005/22	Godkjenning av møtebok
006/22	Referatsaker
007/22	Formidlingslån frå Husbanken
008/22	Årsmelding 2021 frå kontrollutvalet
009/22	Revisjon av eigarskapskontroll i Fedje kommune
010/22	Søknad om fritak frå politiskeverv kommunestyreperioden 2019 - 2023
011/22	Val av nye representantar til råd og utval for resten av valperioden 2019 - 2023
012/22	Tolking av Fedje kommune sin personalplan - punktet "Gåver"
013/22	Eventuelt kommunestyret 24.02.22

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-033	21/589

Saksnr	Utval	Type	Dato
004/22	Kommunestyret	PS	24.02.2022

Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunestyret - 004/22

K - behandling:

K - vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-033	21/589

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/22	Kommunestyret	PS	24.02.2022

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 09.12.2021

Protokoll - Kommunestyret - 27.01.2022

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Kommunestyret - 005/22

K - behandling:

K - vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-033	21/589

Saksnr	Utval	Type	Dato
006/22	Kommunestyret	PS	24.02.2022

Referatsaker

Underliggjande saker:

006/22.1. 19/1713-15 Orientering om meddommere

006/22.2. Drøfting av ledige læreplassar 2022

006/22.3. Fedje kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 19.01.2022

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Kommunestyret - 006/22

K - behandling:

Ordførar orienterte munnleg om

- interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland kjem til kommunestyret i juni. Ikkje lagt inn endringar for Fedje så langt, men kan verte aktuelt i fhd. til Hjeltevarden.
- økonomi. Det ser ut som det vert eit overskot på ca. 1,3 millionar for rekneskapen for 2021, men er ein effekt av eit stort positivt premieavvik for pensjonsordninga.
- prosessen med rekruttering av ny kommunedirektør. Kan hende det vert ekstraordinært kommunestyret i den samanheng.

Kommunedirektøren orienterte munnleg om

- i juni kjem budsjettreguleringssak til kommunestyret, bl.a. med ny uforutsett millionkostnad knytt til barnevern
- sommarskule 2022 i regi av Forskarfabrikken

K - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Bjarte Villanger	FE-024, FE-251	21/75

Saksnr	Utval	Type	Dato
009/22	Formannskapet	PS	15.02.2022
007/22	Kommunestyret	PS	24.02.2022

Formidlingslån frå Husbanken

Vedlegg:

Kommunestyresak 018 21

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Det vart i sak 018/21 (vedlegg) vedteke at Fedje kommune skulle ta opp 1.000.000 i gjelsbrevlån hjå Husbanken for vidare utlån etter Husbankens reglar for Startlån. Ulike omstende har medført at dette låneopptaket ikkje blei gjennomført i 2021.

Det har ved årskiftet 2021/2022 meldt seg behov for utlånsmidlar som strekkjer seg lang ut over det Fedje kommune har til rådvelde i dag – 340.000.

Per. 1. februar 2022 er det under handsaming søknadar for til saman 2.700.000. Søknadsfrist for Husbanken si behovsmelding gjekk ut 31. januar 2022, men etter avtale med Husbanken har dei opna får å ettersende behovsmedinga så snart det ligg føre vedtak i kommunestyret.

Vurdering

Dei som no søker formidlingslån i Fedje kommune er i målgruppa som Husbanken prioriterer ved tildeling av utlånsmidlar.

Folkehelse: Gjev dei som fell utanfor bustadmarknadene moglegheit til å etablera bustad.

Miljø: Ikkje aktuelt

Økonomi: Lånet vert formidla vidare til søker. Dei dekkjer renter og avdrag. Kommunen tek ikkje administrasjonsgebyr eller påslagsrente. Husbanken garanterer for 75 % av beløpet – kommunen for dei resterande 25 %.

Konklusjon

For å komme i møte dei søknadane som ligg til handsaming tek Fedje kommune opp lån for vidareutlån på til saman 2.500.000

Føring i investeringsbudsjettet for 2022:

K)39100.4000.2830 2.500.000

D)15500.4000.2830 2.500.000

Forslag til vedtak:

Fedje kommune tek opp gjeldsbrevlån, j.f. delegeringsreglementet kommunelova § 14-14, på 2.500.000,- (to millionar fem hundre tusen) i Husbanken for vidare utlån etter Husbankens reglar for startlån.

Investeringsbudsjettet vert regulert tilsvarande.

Formannskapet - 009/22

F - behandling:

F - vedtak:

Fedje kommune tek opp gjeldsbrevlån, j.f. delegeringsreglementet kommunelova § 14-14, på 2.500.000,- (to millionar fem hundre tusen) i Husbanken for vidare utlån etter Husbankens reglar for startlån.

Investeringsbudsjettet vert regulert tilsvarande.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret - 007/22

K - behandling:

K - vedtak:

Fedje kommune tek opp gjeldsbrevlån, j.f. delegeringsreglementet kommunelova § 14-14, på 2.500.000,- (to millionar fem hundre tusen) i Husbanken for vidare utlån etter Husbankens reglar for startlån.

Investeringsbudsjettet vert regulert tilsvarande.

Samrøystes vedteke.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-033	22/24

Saksnr	Utval	Type	Dato
008/22	Kommunestyret	PS	24.02.2022

Årsmelding 2021 frå kontrollutvalet

Vedlegg:

Årsmelding 2021_Fedje kontrollutval

2022 01 19 Særutskrift sak 1122 - Fedje kontrollutval

Særutskrift sak 11/22 Fedje kontrollutval - til handsaming i kommunestyret

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Særutskrift frå kontrollutvalet ligg vedlagt

Forslag til vedtak:

Kommunestyret tek kontrollutvalet si årsmelding for 2021 til orientering.

Kommunestyret - 008/22

K - behandling:

K - vedtak:

Kommunestyret tek kontrollutvalet si årsmelding for 2021 til orientering.

Samrøystes vedteke.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-033	22/24

Saksnr	Utval	Type	Dato
009/22	Kommunestyret	PS	24.02.2022

Revisjon av eigarskapskontroll i Fedje kommune

Vedlegg:

Vedlegg 6_Rapport_Eigarskapskontroll Eigarstyring i Fedje
Særutskrift sak 10/22 Fedje kontrollutval - til handsaming i kommunestyret

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Særutskrift frå kontrollutvalet ligg ved.

Forslag til vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar og ber administrasjonen om å følgje opp tilrådingane om å:

-utarbeida eigarskapsmelding denne valperioden, i tråd med kravet i kommunelova § 26-1, og kommunisera den til organa i selskapa til kommunen,

-ha jamlege eigarmøte med selskap der dette ikkje skjer,

-syta for tiltak for å sikra felles føringar frå eigarane i NGIR IKS og Aufera AS, t.d. ein felles eigarstrategi eller ei felles eigarskapsmelding.

-syta for at kommunestyret årleg får ein rapport om tilstanden (økonomi, spesielle forhold osv.) for selskapa som kommunen har eigarinteresser i, viss ikkje kommunen utarbeidar eigarskapsmelding kvart år.

Kommunestyret ber administrasjonen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg status om oppfølging av tilrådingane innan 4. kvartal 2022.

Kommunestyret - 009/22

K - behandling:

K - vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar og ber administrasjonen om å følgje opp tilrådingane om å:

- utarbeida eigarskapsmelding denne valperioden, i tråd med kravet i kommunelova § 26-1, og kommunisera den til organa i selskapa til kommunen,
- ha jamlege eigarmøte med selskap der dette ikkje skjer,
- syta for tiltak for å sikra felles føringar frå eigarane i NGIR IKS og Aufera AS, t.d. ein felles eigarstrategi eller ei felles eigarskapsmelding.
- syta for at kommunestyret årleg får ein rapport om tilstanden (økonomi, spesielle forhold osv.) for selskapa som kommunen har eigarinteresser i, viss ikkje kommunen utarbeidar eigarskapsmelding kvart år.

Kommunestyret ber administrasjonen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg status om oppfølging av tilrådingane innan 4. kvartal 2022.

Samrøystes vedteke.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-014, FA-A05	22/53

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/22	Kommunestyret	PS	24.02.2022

Søknad om fritak frå politiskeverv kommunestyreperioden 2019 - 2023

Saksutgreiing: Saksopplysningar

Fedje kommune ved ordførar Stian Herøy fekk e-post den 28.01.22 frå Ernst Horgen og Torill Hermansen Horgen. Dei søkjer om fritak frå sine politiske verv sidan dei har meldt flytting frå Fedje kommune.

Vurdering

Ernst Horgen vart valt til kommunestyret representant for Høgre ved kommune og fylkestingsvalet for valperioden 2019 -2023.

Torill Hermansen Horgen vart valt til vararepresentant til kommunestyret for Høgre ved kommune og fylkestingsvalet for valperioden 2019 – 2023.

Dette seier kommunelova om fritak frå politisk verv:

...«Kommunelova:

§ 7-9. Uttreden og fritak En folkevalgt som ikke lenger er valgbar til et folkevalgt organ, trer endelig ut av organet. En folkevalgt som er registrert som utflyttet fra kommunen eller fylkeskommunen, og derfor ikke lenger er valgbar, kan likevel tre inn igjen i vervet hvis han eller hun flytter tilbake igjen innen to år. Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt. Den som ikke har nådd stemmerettsalderen, har krav på fritak hvis han eller hun søker om det. En folkevalgt som har fått innvilget midlertidig fritak, har ikke rett til å tre inn igjen i vervet før fritaksperioden er over.

§ 7-10. Opprykk, nyvalg og suppleringsvalg Hvis medlemmer har forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmer fra den gruppen der det er forfall. Varamedlemmer skal så langt som mulig innkalles i den nummerordenen de er valgt. Hvis en folkevalgt i andre organer enn kommunestyret og fylkestinget er innvilget fritak i minst tre måneder, kan kommunestyret eller

fylkestinget selv velge et settemedlem for den perioden fritaket gjelder. Ved valg av et settemedlem skal rekkefølgen på listen for varamedlemmer følges. Hvis medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut, og de er valgt ved forholdsvalg, skal varamedlemmer fra samme liste tre inn i deres sted i den nummerordenen varamedlemmene er valgt. Hvis medlemmer av kommunestyret trer endelig ut, og de er valgt ved flertallsvalg, skal varamedlemmer tre inn i den nummerordenen de er valgt. Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité eller fylkestingskomité trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttredende medlemmet tilhørte. Hvis dette vil føre til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det, hvis det er mulig, velges et nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn. ...»

Konklusjon

Ernst Horgen og Torill Hermansen Horgen får fritak frå sine politiske verv for resten av valperioden 2019 – 2023. Dei bur ikkje i kommunen lenger og kan då ikkje vera folkevalt i Fedje kommune.

Kommunelova § 7 – 9.

Paul Rognsvåg vert då fast kommunestyre representant for Høgre for resten av valperioden 2019 – 2022. Kommunelova § 7 – 10.

Forslag til vedtak:

Ernst Horgen og Torill Hermansen Horgen får fritak frå sine politiske verv i Fedje kommune for resten av valperioden 2019 - 2023. Kommunelova §7 – 9.

Kommunestyret - 010/22

K - behandling:

K - vedtak:

Ernst Horgen og Torill Hermansen Horgen får fritak frå sine politiske verv i Fedje kommune for resten av valperioden 2019 - 2023. Kommunelova §7 – 9.

Samrøystes vedteke.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-014, FA-A05	22/53

Saksnr	Utval	Type	Dato
011/22	Kommunestyret	PS	24.02.2022

Val av nye representantar til råd og utval for resten av valperioden 2019 - 2023

Saksutgreiing: Saksopplysningar

Ernst Horgen og Torill Hermansen Horgen har søkt fritak frå sine politiske verv resten av valperioden 2019- 2023 får dei fritak må det veljast nye representantar for dei til ulike råd og utval.

Vert Ernst Horgen fritaken frå sine politiske verv må det veljast ny vararepresentant for han til formannskapet for H/Frp.

Det må og veljast nytt medlem for Ernst Horgen til representantskapet for Interkommunalt arkiv.

Vert Torill Hermansen Horgen fritaken frå sine politisk verv må det veljast nytt medlem til generalforsamling til AUFERA.

Det må og veljast vararepresentant for Torill Hermansen Horgen til årsmøte i opplæringskontoret i Nordhordland.

Vurdering

Nemndenemnda fremjar forslag på nye representantar, forslaga vert fremja direkte i kommunestyremøte. Nemndenemnda fremjar forslag på nytt medlem til representantskapet for Interkommunalt arkiv, nytt medlem til generalforsamling AUFERA og forslag til ny vararepresentant til opplæringskontoret for Nordhordland.

Høgre og Fremskrittspartiet fremjar forslag til ny vararepresentant til formannskapet.

Forslag til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Kommunestyret - 011/22**K - behandling:**

Forslag fra valgnemda, foreslått av Marit Solbakk Øien, Framstegspartiet

Generalforsamlinga for aufera. Valgt Erling Herøy

Vararepresentant for opplæringskontoret i Nordhordaland, ny vara Paul Knappskog

Representantskap for interkommunalt arkiv, Valgt Erling Herøy

K - vedtak:

Følgjande nye medlemmar vert vald som erstatning for representantane Ernst Horgen og Torill Hermansen Horgen:

Representant til generalforsamlinga for Aufera: Erling Herøy

Vararepresentant for Opplæringskontoret i Nordhordaland: Ny vara Paul Knappskog

Representantskap for interkommunalt arkiv: Erling Herøy

Samrøystes vedteke.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-400	22/55

Saksnr	Utval	Type	Dato
011/22	Formannskapet	PS	15.02.2022
012/22	Kommunestyret	PS	24.02.2022

Tolking av Fedje kommune sin personalplan - punktet "Gåver"

Saksutgreiing:

Oppsummering: Dei hovudtillitsvalde ber kommunestyret kome med ei tolking av punktet «Gåver» i Personalplan for Fedje kommune, fordi dei ikkje er samde i rådmannen si tolking og praktisering.

Saksopplysningar

Personalplan for Fedje kommune vart revidert i september 2020 (K-sak 052/20). Der vart planen delt i to, der nokre av temaa vart rekna som overordna/prinsipielle og dermed lagt til kommunestyret: Del 1: Arbeidsgjevarpolitikk. Del 2 Personalreglement ligg til rådmannen etter drøfting med hovudtillitsvalde.

I del 1 har me eit punkt som omhandlar gåver:

Gåver

Det er ein felles standard når det gjeld markering av tilsette med lang og tru teneste i kommunen:

Runde år:	Blomehelsing f. o. m 30 år
Etter 20 og 30 års teneste i kommunen:	Opp til 50% stilling gåvekort kr 4000 51-100% stilling gåvekort kr 8000
Når ein sluttar i stilling etter meir enn 10 års teneste:	Gåvekort kr 4000

Me gjev KS' hedersmerke etter 25 års innsats for kommunen. Merket vert helst delt ut i samband med fellesarrangement.

Arbeidstakarane får ikkje fri med lønn for markering av runde år.
Utmerkingar – sjå eige punkt.

Dette har rådmannen praktisert slik i perioden september 2020 – dags dato:

Det året ein tilsett har 20 år eller 30 års teneste i kommunen, får dei gåvekort. Gåvekort vert gjeve i den aktive stillinga ein har når ein får gåvekortet. Permisjon utan lønn vert trukke i frå.

Nokre tilsette kom uheldig ut ved omlegginga, fordi dei t.d. hadde 23 års teneste i 2021: Då gjekk dei glipp av den gåva dei tidlegare ville ha fått ved 25 års teneste, og også den dei etter dei nye reglane ville få ved 20 års teneste. Ut frå dette, vart personalleiarane samde om ei overgangsordning (henta frå internt notat):

Me har nokre tilsette som fell mellom gåveordninga i tidlegare og noverandepersonalplan. I tidlegare personalplan, som gjaldt til 11.09.2020, fekk ein gåve i % av månadslønn ved 25 års innsats. I noverande personalplan, får ein gavekortgåve (4000/8000 kr) ved 20års innsats og 30 års innsats, samt KS-merke ved 25 år. Nokre tilsette opplever at dei hadde mindre enn 25 års teneste før sept 2020, men har meir enn 20 års teneste etter sept2020 –og difor ikkje får gåve verken den eine eller andre gongen. Gåvaer ei viktig annerkjenning av dei av våre tilsette som har jobba for oss i mange år. Me har difor bestemt at me lagar til ei mellombels overgangsordning:

Dei som har 21,22,23, 24 og 25 års teneste i 2021, får gåvekort tilsvarande 20 år ved sitt 25 års jubileum. Så får dei gåve etter «vanleg» plan når dei har jobba 30 år, tilliks med det alle andre får.

Dette gjeld 8 tilsette i denne perioden, men ikkje alle har meir enn 50% stilling – ca 6x 8000 = 48 000 kr fordelt på 5 år – i tillegg til dei andre som oppnår 20 eller 30 års teneste kvart år (vanlegvis 1-4 stk, altså frå 8000 kr til 32 000 kr).

HTV Fagforbundet, Delta og Utdanningsforbundet meiner rådmannen har tolka kommunestyret sitt vedtak feil, og ber om følgjande tolking og praktisering:

*Fagforbundet meiner, utifrå vedtaket gjort i kommunestyret 09.09.22 der det står **etter** 20 og 30 år, at alle mellom 20 og 25 år og alle over 30 års teneste etter det nye vedtaket skal ha gåve. Dei mellom 25 og 30 års teneste har motteke gåve frå den tidlegare ordninga.*

*Utifrå tolkinga som administrasjonen har gjort, som er **ved** 20 og 30 års teneste, ikkje samsvarer med det som står i personalplanen etter det nye vedtaket, der det står **etter** 20 og 30 års teneste. Dette meiner me har stor betyding.*

Vurdering

Om rådmannen les innspelet frå dei hovudtillitsvalde rett, så er skiljet om

1. alle mellom 20 og 25 års teneste skulle hatt utbetalt gåva si i 2021 (og då må få det no i 2022). Innebærer ei ekstra eingongsutbetaling på ca. kr 24 000 kr (sidan 3 av dei tilsette fekk dette allereie i 2021)

eller

2. me gjennomfører den overgangsordninga som rådmannen har skissert for tillitsvalde og personaleiarar. Innebærer same ekstra utbetaling, men vert spreidd over fleire år, då den det gjeld får gåvekortet saman med KS-merke då ein markerer 25 årsjubileum. Dette er det budsjettert for.

Saka vart drøfta i drøftingsmøte HTV/rådmannen 2.desember 2021, og HTV bad då om å få ei avklaring i kommunestyret. Som avtalt vert saka med dette sendt til kommunestyret.

Konklusjon

For rådmannen er det så vidt eg kan sjå to ganske like løysingar som ikkje utgjer nokon forskjell i økonomi, så begge delar går fint å gjennomføre.

Forslag til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak.

Formannskapet - 011/22

F - behandling:

Trekking av sak, foreslått av Stian Herøy, Høgre
Saka vert trukke.

Saka vert trukke, fordi drøftingane kommundirektør/HTV ikkje er ferdige.

F - vedtak:

Saka vert trukke.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret - 012/22

K - behandling:

Saka vart trukke i formannskapet, og skulle ikkje vore meldt opp til kommunestyret.

K - vedtak:

Saka vert trukke.

Samrøystes vedteke.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID

Saksnr	Utval	Type	Dato
013/22	Kommunestyret	PS	24.02.2022

Eventuelt kommunestyret 24.02.22

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Kommunestyret - 013/22

K - behandling:

Spørsmål frå Hans Erik Waage (Ap):

Kva er status for evt. sal av gamle posten? Ordførar svarte at Fedje kommune ikkje har motteke noko meir frå Feddie i denne saka.

K - vedtak:

Ingen vedtak under eventuelt.